

MØTEBOK HALLINGTINGET**TID: 19. april 2024****STAD: Hallingdal Museum, Nesbyen kommune****Desse møtte på Hallingtinget:**

<u>Hol kommune</u> Sigrid Simensen Ilsøy Sissel Hovland Guri T. Slettemoen Hanne Haatuft Henning Solhaug	<u>Hemsedal kommune</u> Janne Merete Brønnbo Hege E. Falck- Andersen Inge Berthram Wahl
<u>Ål kommune</u> Solveig Vestenfor Liv Torunn G Torpe Dagfinn Bøygard Toril Helling Bergaplass Ola Terje Oleivsgard	<u>Nesbyen kommune</u> Anne Kari Eriksen Kristian Noreng Geir Olav Garthus Anne Marie Kollhus Bård Heio til kl 12.
<u>Gol kommune</u> Heidi Granli Tom Rune S Blakkestad Leif Nordhaug Kristin Bakke Haugen	<u>Flå kommune</u> Merete Høntorp Gandrud Tor Egil Buøen Kristian Aakervold Karen Johanne Gulsvik Steinar A. Steinarsson

Frå Kommunedirektør-/rådmannsutvalet møtte:

Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune, Odd Egil Stavn Flå kommune, Bente Rudrud Herdlevær, Nesbyen kommune, Ole Johnny Stavn, Hol kommune

Administrasjon Regionrådet

Jan Olav Helling, dagleg leiar, Jorun Utne, Regionalutviklar, Maria Grevsgård, Sats på Hallingdal, Guro Flatland Veslehaug, Klimakoordinator

Frå Viken møtte:

Iselin Haugo Stavn (H)
Hilde Aarø (adm)

OPNING AV HALLINGTINGET RÅDSORDFØRER SOLVEIG VESTENFOR

SAK 01/24 ORIENTERING OM HALLINGDAL MUSEUM

Direktør for Buskerudmuseet Tom Oddby orienterte om dei ulike musea i Hallingdal. Sjå vedlegg. Me fekk også ei fin omvising på museet.

SAK 02/24 REKNESKAP 2023

Vedtak:

Hallingtinget godkjenner rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2023. Overskotet på kr. kr. 250 884 blir overført til disposisjonsfondet.

SAK 03/24 ÅRSMELDING 2023

Vedtak:

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2023.

SAK 04/24 INFORMASJON FRÅ BUSKERUD FYLKESKOMMUNE

Iselin Haugo Stavn informerte frå Buskerud fylke.

Økonomi: Buskerud er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Snuoperasjon har starta opp og ein ventar på ein rapport som skal gje kunnskap rundt kva som er mogeleg å få til og korleis økonomien kan betrast.

Samferdsel: Hallingbussen blir bevart, men reduksjon i resterande tilbod.

SAK 05/24 SAMFERDSEL – NTP

Jan Olav presenterte hovudaktivitetane til samferdselsutvalet siste halvår. Det vart gitt støtte til måten samferdselsarbeidet er organisert på i Hallingdal. Fleire samferdselsspørsmål vart drøfta og det er semje om å fortsette påverknadsarbeidet på FRE16 parallelt med at ein jobbar med løyving til oppstart Vegpakke Hallingdal i statsbudsjettet for 2025.

SAK 06/24 STRATEGISK PLAN 2025 – 2028

Hallingtinget brukte god tid på denne saka og kom med mange gode innspel på mål, tiltak, hovudsatsingar og prosess. Det var semje om ein prosess der kommunedirektørane og regionrådsadministrasjonen jobba tett saman, det vil bli høve til politiske innspel undervegs både i regionrådet og i kommunestyre i den enkelte kommune (ordførar inviterer dagleg leiar) Målet er vedtak på Hallingtinget i oktober.

Vedtak:

Hallingtinget ber administrasjonen starte rullering av Strategisk plan for Hallingdal 2025 -2028 med dei føringane som blir gitt av Hallingtinget i møte.

SAK 07/24 FRIKOMMUNE, OPPFØLGING AV SAK 11/23

Vedtak:

Hallingtinget vedtar at Hallingdal ikkje søker om å bli frikommune/forsøkskommune no.

SAK 07/24 EVENTUELT**Info om «storhall» i Hallingdal. v/Leif Norhaug**

Det blir oppretta eit prosjekt der HFK tek leiarskap. Detaljar om plassering, innhald osv. blir tatt i prosjektet.

Høyring vedr forskrift om skule- og feriedagar for skuleåra 2025/2026 og 2026/2027 i Buskerud fylkeskommune v/Merete Gandrud

Det vart stilt spørsmål om flytting av vinterferieveke frå veke 9 til 8.

Spørsmålet vart sendt til destinasjonsselskapa

Til info: 4 av 6 destinasjonsselskap har svart: Samtlege ønskjer ikkje å flytte vinterferien.

Klimaplan for Hallingdal

Guro Flatland Veslegard informerte om status for arbeidet med felles klimaplan for Hallingdal.

Hallingdal Folkehøgskole Kristin Bakke Haugen.

Skulepoeng for elevar som går på folkehøgskule er foreslått tatt ut. Det må jobbast politisk for å vidareføre ordninga.

Startup Extreme 2024

Maria Grevsgård orienterte om programmet for startup extreme som går i Hemsedal 24-26 april.

Hallingdal, 19. april 2024

Jan Olav Helling

Dagleg leiar